

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.10.2015

Tom Sverre Tomren sette på vegner av MDG og SV fram slikt forslag:

"Alternativt forslag:

1. Av omsyn til landskapskvalitetar, naturkvalitetar og samverknader rår Hordaland fylkeskommune frå søknaden om konsesjon for Miljateig kraftverk i Etne kommune.
2. Om det likevel blir gitt konsesjon, bør nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta vurderast.
3. Om konsesjon blir gitt må utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon gjerast slik at det utgjer minst mogleg sår i fjordlandskapet."

### Røysting

Tomren sitt forslag fekk 2 røyster (MDG, SV) og fall.

Innstillinga vart vedteken mot 2 røyster (MDG, SV).

### Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune rår til Miljateig kraftverk.
2. Det bør vurderast nivå for minstevassføring som reduserer verknadane for biologisk mangfald i bekkekløfta.
3. Utforminga og anleggsarbeid for røyrgate og kraftstasjon må i minst mogleg grad skape sår i fjordlandskapet.